

Erling Nordanger
Radøyvegen 2516
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14538 - 20/64213

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
13.10.2020

Løyve til utskifting av slamavskiljar- gbnr 428/6 Kvalheim nedre

Administrativt vedtak: **Saknr: 1080/20**
Tiltakshavar: Erling Nordanger
Ansvarleg søker: Kvalheim Vvs AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eit trinn for etablering av slamavskiljar med tilhøyrande leidningsnett på følgjande vilkår:

1. **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 22.08.2020 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

1. **Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

Tiltak

Saka gjeld søknad om utskifting av eksisterande slamavskiljar og etablering av nytt leidningsnett fram til eksisterande utsleppsleidning til sjø. Utsleppet vert kopla inn på eksisterande fellesanlegg tilhøyrande gbnr. 428/12 og gbnr. 428/11.

Det vert elles vist til søknad motteken 24.08.2020 og supplert 25.09.2020.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 25.09.2020 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplan for Radøy er definert som LNF område.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla.

Plassering

Plassering av slamavskiljar og leidningsnett er vist i situasjonsplan datert 22.08.2020.

Terrenghandsaming

Det er ikkje søkt om terrengendringar. Det vert lagt til grunn at etablering av reinseanlegg vert utført utan vesentlege terrenghandlingsgrep.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre privatrettsleg avtale datert 23.09.2020 mellom tiltakshavar og eigar av gbnr. 428/12 og gbnr. 428/11. Avtalen gjev rett til å kopla utsleppet frå gbnr. 428/6 inn på eksisterande fellesanlegg tilhøyrande gbnr. 428/12 og gbnr. 428/11.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggeteknisk forskrift (TEK).

VURDERING:

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Nabovarsling

Søknaden er ikkje nabovarsla i samsvar med Plan- og bygningsloven § 21-3. Det er kommunens vurdering at krav om nabovarsling kan unnlatast i denne saka jf. pbl. §

21-3 2. ledd. Arbeida har ikkje innverknad på naboars interesser. Det er ingen endring av forholda på eigedomen til tiltakshavar.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjær si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslas i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommune vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæsst. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/14538

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føreseggnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kvalheim Vvs AS

Manger Senter 5936

MANGER

Mottakarar:

Erling Nordanger

Radøyvegen 5937
2516

BØVÅGEN